



Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3397 - 22/91722

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
30.11.2022

Vedtak ulovlighetsoppfølging

Administrativt vedtak: Saknr: 22/3397
Tiltak: Manglande lok på slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr: 499/8
Tiltakshavar: Johnny Ystebø og Marit Leknes Ystebø
Ansvarleg søkjar:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 28-6 første ledd krev kommunen at septiktanken vert forsvarleg sikra. Frist for sikring er satt til 31.01.2023. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor NOK 10 000,- og ei dagmulkt stor NOK 200,- pr dag dersom det ikkje vert monterert forsvarleg lokk på tanken omgåande, og kommunen ikkje har motteke biletdokumentasjon på dette innan 31.01.2023. Tvangsmulkta startar å løpe frå og med 01.02.2023.

Saksutgreiing

Vi viser til førehandsvarsel om pålegg om opprydding av 06.07.2022, med frist for retting innan 01.09.2022. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

Norva24 AS har opplyst om at same avviket var registrert ved tømning i 2020.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Etter plan- og bygningslova (pbl) § 32-1 skal kommunen forfølgje overtredelsar av føresegner gitt i eller i medhald av plan-og bygningslova.

De som grunneigar er ansvarleg for at reglane i plan- og bygningslova (pbl.) følgjast.

Kva kan de gjere for å rette opp det ulovlege tilfellet?

Rettar de opp det ulovlege tilfellet, kan de unngå tvangsmulkt. Det kan skje på følgjande måtar:

- Slamavskiljaren må sikrast med forsvarleg lok.

Skriftleg tilbakemelding med bilete dokumentasjon må sendast kommunen innan fristen nedanfor.

Frist for retting

Frist for retting av det ulovlege forholdet vert sett til 31.01.2023.

Kva skjer om de ikkje rettar tilfellet?

Om de ikkje rettar tilfellet innan fristen, må de betale tvangsmulkt som vedtatt over. Vi kan vedta nye og høgare tvangsmulktar dersom det ulovlege tilfellet fortsett.

Om ein ikkje rettar seg etter pålegget innan fastsett frist, kan det følgjast opp med førelegg. Eit førelegg kan få verknad som rettskraftig dom.

Pålegg kan tinglysast som heftelse på eigedomen om det ulovlege tilfellet ikkje rettast.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfyllbyrdslova § 7-2.

Den som unnlatar å treffa tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. plan- og bygningslova § 32-9.

Tilbakemelding

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnera det til kommunen innan fristen. Legg ved bilete dokumentasjon som syner at septiktanken er forsvarleg sikra.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikta til å sikre basseng, brønn og dam følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.
- Pålegg om retting følgjer av plan- og bygningslova § 32-3.
- llegging av tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Overtredelsesgebyr og straffeansvar for brudd på § 28-6 framgår av plan- og bygningslova §§ 32-8 og 32-9.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfyllbyrdslova § 7-2.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3397

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.